



Rune Stenbakk

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2335 - 16/10036

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

27.05.2016

Godkjenning - GBNR 27/58 - Søknad om redusert gebyr

Administrativt vedtak. Saknr: 148/2016

Tiltakshavar: Rune Stenbakk

Søknadstype: Søknad om redusert gebyr etter gebyrregulativ for Meland kommune pkt. 4.12.

Saksutgreiing:

Meland kommune gav i vedtak datert 9.5.2016 avslag på søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for oppføring av to tomannsbustader på gbnr 27/58. Det vart utstedt faktura på kr 10 800,- i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt 9.1.4.

På telefon og i e-post den 20.5.2016 klaga Terje Stenbakk på gebyrets storleik, på vegne av tiltakshavar Rune Stenbakk, og ba kommunen om å vurdere gebyret på nytt. I følgje Stenbakk vart det på førehandskonferanse hos kommunen den 26.8.2015 fortalt at løyve til dispensasjon ville koste kr 10 000,-, medan eit avslag ville koste kr 3 000,-.

Administrasjonen reknar e-posten for å vere ein søknad om redusert gebyr etter kommunen sitt gebyrregulativ pkt 4.12.

Vurdering:

Det følgjer av Meland kommune sitt gebyrregulativ pkt 4.12 at det kan søkjar om redusert gebyr «*når særlege grunnar ligg føre*».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

I møtereferat frå førehandskonferansen, datert 1.9.2015, står det at administrasjonen orienterte om innhaldet i gebyrregulativet til kommunen. Kva som er sagt står det ikkje. Den enkelte søker må sjølv ta ansvar for å sette seg inn i regulativet. Mistydingar gir ikkje grunn til redusert gebyr.

Ettersom det ikkje kan dokumenterast kva som er sagt på førehandskonferansen, finn vi at det føreligg ein særleg grunn som tilseier at gebyret på kr 10 800,- kan setjast ned til kr 3 000,-.

VEDTAK:

«Meland kommune set ned gebyret frå kr 10 800,- til kr 3 000,- for avslag på søknad om oppføring av to tomannsbustadar på gbnr 27/58.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Rune Stenbakk

Terje Stenbakk